

Referat frå Årsmøte Norsk Ubåtforening region Bergen

Dato

8. april 2025 Kommandantboligen Bergenhus festning

Deltagere

27 medlemmer (inklusive styret).

Opning og konstituering ved regionleder

Aslak Heen ønske velkommen og opna årsmøtet

Godkjenning av innkalling etc

- Innkalling vart godkjent av årsmøtet
- Aslak Heen vart valt til dirigent
- Erling Drabløs vart valt til referent
- Torbjørn Rogde og Kjell Nyhamn vart valt til å skrive under referatet

Årsberetning

Gjennomgang av årsmelding ved regionleder. Årsmelding vart godkjent av årsmøtet

Rekneskap/Budsjett

- Gjennomgang ved kasserer Karstein Rød
- Rekneskapen vart godkjent
- Spørsmål frå eit medlem om kontingenten bør aukast ettersom budsjettert resultat er lavt. Regionleder informerte om at kontingent vert fastsett av NUF ifm Generalmønstring (GM). Budsjett for komande år vart godkjent

Val

Styresamansetning siste år:

Regionleder Aslak Heen (på valg)

Isak Johan Ebeltoft (på valg)

Erling Drabløs

Karstein Rød (tek ikkje attval)

Tom Engeberg

Valkomiteen innstilte på at Aslak Heen og Isak Johan Ebeltoft fortsetter 1 år til. Det vart ikkje funne erstatning for Karstein Rød. Etter oppmoding til medlemmer om å melde si interesse fekk styret signal frå Morten Askestad om at han er interessert.

Følgande styre vart einstemmig valt:

- Regionleder Aslak Heen (1 år)
- Styremedlem Isak Johan Ebeltoft (1 år)
- Styremedlem Erling Drabløs (1år)
- Styremedlem Tom Engeberg (1 år)
- Styremedlem Morten Askestad (2 år)

Planar og utvikling

- Styret vil forsøke å få organisert ein delegasjon til GM i Horten 20. september. Interesserte kan melde si interesse til Regionleder Aslak Heen.
- Styret planlegg å arrangere messeaften i oktober i Kommandantboligen Bergenhus festning. Dersom antall påmeldte overstiger 25 vil styret finne alternativt lokale.
- Det er eit uttalt mål å auke samarbeidet med Ubåtklubben Periskopet. Regionleder deltek på styremøta til Periskopet.
- Isak Johan Ebeltoft orienterte om planane for å få ein Ula-klasse på land i ubåtbunkeren og muligheit for å kunne etablere eit ubåtmuseum i ubåtbunkeren når vedlikehaldet av ubåtar flyttar til Haakonssvern.
- Bergenhus festningsmuseum skal lage ei utstilling om ubåtbyen Bergen som skal opne 19. juni. Styret NUF Bg er involvert i arbeidet med å få utstillinga på plass. I forkant av opninga 19. juni vil det bli arrangert beercall for NUF medlemmer dagen før opninga (18.juni)

Innkomne saker

Ingen saker kom inn til årsmøtet.

Årsmøtet slutt kl 18:45

Referent

Erling Drabløs

Vi stadfester at referatet er i samsvar med innhaldet på årsmøtet

Torbjørn Rogde

Kjell Nyhamn